



Røysterett for alle syng jubileumskonsert på Husnes for eitt år sidan. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Snart får Røysterett for alle storfint besøk av eit kor frå Riga i Latvia. Det skjer ved månadsskiftet april/mai. Men før det vil koret gjennomgå ei skikkeleg oppvarming under ein tradisjonell korkveld på Helgheim.

Det er sjølvsagt den årlege 'Syng med oss' vi siktar til og denne korkvelden blir i år avvikla 23. april klokka 19.

Der blir det ein blanding av gamalt og nytt korstoff og denne gongen kjem det også eit gjestekor, opplysar nestleiar Steinar Naterstad til uskedalen.no

Det er ingen ringare enn Halsnøy Strupeband der Arne Gjerde er primus motor.

I pausa blir det utlodning og naudsynt styrking av økonomien.

'Syng med oss' var i si tid eit populært radioprogram sendt frå NRK i Bergen som altså lever vidare på våre kantar.